



DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT

Prop. 29 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 26. november 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen nokre endringar i løyvingar mv. for programkategoriane 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål, 21.60 Kystforvaltning og 22.10 Posttenester. Det blir òg foreslått nokre kostnadsrammer under vegformål og orientert om nokre saker under vegformål og særskilde transporttiltak.

2 Luftfartsformål

Kap. 1310 Flytransport

Post 70 Kjøp av innanlandske flyruter

I 2021 er det løyvd 2 000 mill. kr. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1310, post 70 Kjøp av innanlandske flyruter, med 805 mill. kr.

Løyvinga gjeld kjøp av ordinære FOT-ruter (forpliktingar til offentleg tenesteyting), ei ordning for meirkompensasjon til FOT-ruteoperatørane og mellombels flyrutekjøp som følgje av koronapandemien. For 2021 anslår departementet at det vil bli utbetalt om lag 683 mill. kr til ordinære FOT-ruter, 303 mill. kr til meirkompensasjon til FOT-ruteoperatørane og 204 mill. kr til mellombelse flyrutekjøp.

Ansvar for kjøp av FOT-ruter er no ført tilbake til staten frå fylkeskommunane. Departementet legg opp til å halde av 5 mill. kr til å dekkje dokumenterte utgifter som fylkeskommunane har hatt i samband med kjøp av FOT-ruter.

Sidan starten av koronapandemien i mars 2020 har Samferdselsdepartementet betalt meirkompensasjon til operatørane på FOT-rutene. Dette kjem i tillegg til det ordinære kjøpet og andre reforhandlingssaker. Meirkompensasjonen til operatørane har frå starten av gitt full inndeckning av differansen mellom reduserte inntekter og reduserte kostnader, jf. oppmodingsvedtak nr. 412 frå sesjonen 2019–2020, som blei vedteke ved handsaminga av Innst. 197 S (2019–2020). Samstundes bad Stortinget om at tilskota skulle utbetalt forskotsvis.

Regjeringa legg no til grunn at ordninga med meirkompensasjon blir vidareført uendra ut 2021. Vidareføringa blir dekt innanfor løyvinga på kap. 1310, post 70. Frå 1. januar 2022 blir ordninga med meirkompensasjon avvikla, slik som for togoperatørane og fylkeskommunal kollektivtransport. Samferdselsdepartementet legg òg opp til å avvikle ordninga med forskotsvise utbetalingar av tilskot ved årsskiftet.

Kap. 1311 Tilskot til regionale flyplassar

Post 72 Tilskot til dekking av tap

I 2021 er det løyvd 242,5 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 82,3 mill. kr.

Løyvinga skal dekkje tap for driftsselskapa ved Sandefjord lufthamn, Torp, og Haugesund lufthamn, Karmøy, i samband med koronapandemien. I 2021 er det betalt 160,2 mill. kr i støtte til dei to lufthamnene. I samsvar med kriteria i støtteordninga som er godkjent av EFTA sitt overvakingsorgan, ESA, kan dei to lufthamnselskapa få dekt høvesvis 70 og 90 pst. av underskotet i støtteperioden. For heile støtteperioden januar–desember 2021 er det utbetalt til saman 130,2 mill. kr, og begge lufthamnene har fått utbetalt det dei har rett på etter den godkjende støtteordninga.

Det kan vere grunn til å bruke eit anna statsstøtterettsleg grunnlag enn det noverande ordning er godkjent etter. Dette kan innebere at Sandefjord lufthamn kan bli gitt ytterlegare støtte for tapt omsetning. Viss ESA godkjenner endra heimel for støtte til Sandefjord lufthamn som gjer det mogeleg å auke tilskotet for 2021, vil regjeringa komme tilbake til Stortinget om dette.

Kap. 4313 Luftfartstilsynet

Post 01 Gebyrinntekter

I 2021 er det løyvd 158,1 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 34,8 mill. kr.

Aktiviteten i luftfartsmarknaden er redusert i 2021 på grunn av koronapandemien og påverkar òg grunnlaget for Luftfartstilsynets gebyrinntekter. Tilsynet har m.a. fått færre søknader om bakgrunnssjekk og sertifikat, og det har vore ein generell nedgang i andre godkjenningar. Den reduserte aktiviteten har òg resultert i færre ekstraordinære tilsyn. I framlegget om reduserte gebyrinntekter inngår òg eit tapsført krav mot Norwegian på 4,7 mill. kr.

Kap. 1315 Tilskot til Avinor AS

Post 71 Tilskot til pålagde oppgåver

Det er løyvd 85 mill. kr til planlegging av ny Lufthamn ved Mo i Rana i 2021. Planlegginga av lufthamna har hatt lågare framdrift enn budsjettert. Utgiftene til planlegging for 2021 vil utgjere 20 mill. kr. Avinor har fram til og med 2020 òg hatt utgifter på 34 mill. kr til å planleggje den nye luft-

hamna. Samferdselsdepartementet legg opp til at desse utgiftene inngår i kostnadsramma og blir dekte innanfor løyvinga i 2021.

Ordninga for finansiering av planlegging og bygging av lufthamna skal òg godkjennast av EFTA sitt overvakingsorgan, ESA. Denne godkjenninga kjem ikkje på plass i 2021, og Samferdselsdepartementet foreslår derfor å føye til stikkordet «kan overførast» på kap. 1315, post 71 Tilskot til pålagde oppgåver.

Vidare foreslår Samferdselsdepartementet å redusere løyvinga på kap. 1315, post 70 Tilskot til pålagde oppgåver, med 31 mill. kr.

3 Vegformål

Kap. 1320 Statens vegvesen

Post 01 Driftsutgifter

I 2021 er det løyvd 3 874,6 mill. kr. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1320, post 01 Driftsutgifter, med til saman 5 mill. kr. Endringa gjeld ein reduksjon på 50 mill. kr i utgifter til omstilling i etaten, og auka utgifter på 45 mill. kr som gjeld sal av tenester til fylkeskommunar og eksterne, jf. omtale under kap. 4320, post 01.

Post 28 Trafikant- og køyretøytilsyn

I 2021 er det løyvd 2 115,3 mill. kr. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1320, post 28 Trafikant- og køyretøytilsyn, med 70 mill. kr.

Koronapandemien har medverka til lågare aktivitet enn planlagt m.a. i utekontrollen, og redusert reiseverksemd og mindre overtid enn budsjettert. Det er òg eit etterslep i rekrutteringa av nye medarbeidarar og lågare husleige- og eigedomsutgifter.

Post 29 OPS-prosjekt

I 2021 er det løyvd 756 mill. kr. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1320, post 29 OPS-prosjekt, med 48 mill. kr. Endringa kjem av manglande avklaringar og dermed uklart tidspunkt for oppstart og gjennomføring av nokre tunneltryggingstiltak på OPS-strekninga Klett–Bårdshaug på E39 i Trøndelag.

Post 30 Riksveginvesteringar

I 2021 er det løyvd 12 155 mill. kr. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar, med 212 mill. kr mot ein til-

svarande auke på kap. 1332, post 66 Tilskot til byområde.

Ved Stortinget si handsaming av Prop. 195 S (2020–2021) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021* og Innst. 600 S (2020–2021), blei det løyvd 212 mill. kr på kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar. Løyvinga skulle gå til lokale tiltak i byvekstavgiftane for Bergensområdet og Trondheimsområdet. Midlane skal dekkje fylkeskommunale eller kommunale kostnader og bør derfor løyvast på kap. 1332, post 66 Tilskot til byområda.

Status for tunnelutbetningsprogrammet

I Prop. 1 S (2021–2022) for Samferdselsdepartementet går det fram at det med budsjettforslaget i 2022 vil vere sett i gang utbetring eller førebuinge arbeid i dei tunnelane på TEN-T-vegnettet som skal utbetrast, med unntak av E16/E39 Fløyfjell-tunnelen i Bergen. Framdrifta i E39 Eidsvåg-tunnelen må òg sjåast i samheng med løysingane for Fløyfjell-tunnelen. Sidan arbeida i desse tunnelane igjen må sjåast i samheng med planar for ny bybane til Åsane i Bergen, vil heller ikkje arbeidet med Eidsvåg-tunnelen starte opp i 2022.

Vidare vil utbetringa av E39 Lotetunnelen i Vestland truleg bli utsett fordi det er avdekt behov for meir omfattande tiltak enn opphavleg rekna med.

Post 63 Tilskot til gang- og sykkelveggar

Tilskotsordninga til gang- og sykkelveggar på fylkesveggar og kommunale veggar blei innlemma i rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar i 2020, jf. Prop. 1 S (2019–2020) for Samferdselsdepartementet og Innst. 13 S (2019–2020). Gjennom overføring av unytta midlar frå 2019 og 2020 er det i 2021 om lag 61 mill. kr på posten til å avslutte igangsette prosjekt.

Samferdselsdepartementet ga i 2018 tilsegn om 21,9 mill. kr til Rogaland fylkeskommune for bygging av ny gang- og sykkelveg langs fv. 523 mellom Solbakk og Grønnevold, som det er lagt opp til å dekkje over denne posten. Tilsegnet blei gitt for å unngå eit rekkefølgekrav frå Strand kommune som ville ha forseinka opninga av Ryfast. Men det er uvisst om dette tilskotet vil kunne bli utbetalt i 2021.

Posten hadde stikkordet «kan overførast». Overføring av ubrukte løyvingar kan berre skje i dei to neste budsjettåra. Stortinget løyvde sist midlar på posten i 2019. For å kunne betale ut tilskotet til Rogaland fylkeskommune, foreslår Sam-

ferdselsdepartementet ei fullmakt til å overføre inntil 21,9 mill. kr på kap. 1320, post 63 Tilskot til gang- og sykkelveggar, frå 2021 til 2022, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 65 Tilskot til fylkesveggar

I 2021 er det løyvd 100 mill. kr. Innanfor den delen av tilskotsordninga som rettar seg mot viktige transportårar for fiske- og havbruksnæringa, er det medrekna overførte løyvingar disponibelt 178 mill. kr. Av dette er det ikkje gitt tilsegn for 88 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1320, post 65 Tilskot til fylkesveggar, med 88 mill. kr.

Post 72 Kjøp av riksvegferjetenester

I 2021 er det løyvd 1 735,8 mill. kr, og det er overført 132,1 mill. kr frå 2020 til 2021. Prognosen for 2021 er 1 698 mill. kr. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1320, post 72 Kjøp av riksvegferjetenester, med 160 mill. kr.

Behovet for midlar til kjøp av riksvegferjetenester er endra både på kostnads- og inntektsida, samanlikna med føresetnaden i Prop. 1 S (2020–2021). Takstreduksjonen på 25 pst. i andre halvår 2021 har ført til auka behov for midlar. I tillegg er inntektsoverslaga reduserte uavhengig av takstreduksjonen. Kostnadene er samstundes reduserte. Kostnadsindeksane som blei brukte til å fastsetje kompensasjonen til reiarlaga, har hatt ei svakare utvikling enn det som var lagt til grunn for kontraktpliktene i Prop. 1 S (2020–2021). Kompensasjon knytt til å oppfylle krav i regelverk for kloakk blir heller ikkje utbetalt i 2021. Samla gir dette ein prognose for utbetalingar i 2021 på 1 698 mill. kr.

Prognosane for forbruket i 2021 er usikre. Det er derfor lagt inn ein buffer for å ta høgde for denne uvissa. Forslaget om å redusere løyvinga vil ikkje påverke ferjetilbodet.

Kap. 4320 Statens vegvesen

Post 01 Salsinntekter m.m.

I 2021 er det løyvd 208,1 mill. kr. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m., med til saman 60 mill. kr.

Sal av tenester til fylkeskommunar og eksterne er rekna å bli 45 mill. kr høgare enn budsjettert. Statens vegvesen samarbeider med fylkeskommunane for å sikre at avviklinga av sams vegadministrasjon blir gjennomført på ein

god måte. I samband med dette sel Statens vegvesen tenester til fylkeskommunane m.a. innan byggherrefunksjon, laboratorietenester, grunnboring og IKT. Auken er motsvart av tilsvarande auka utgifter, jf. omtale under kap. 1320, post 01. Det er òg venta om lag 15 mill. kr i auka inntekter frå m.a. sal av eigedom og kommunikasjon i tunnelar, utan motsvarande meirutgifter.

Post 02 Ymse gebyr

I 2021 er det løyvd 526,7 mill. kr. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320, post 02 Ymse gebyr, med 20 mill. kr.

I 2021 har det vore større aktivitet og høgare volum for dei gebyrbelagde tenestene enn lagt til grunn i Prop. 1 S (2020–2021). Dette gjeld særleg førarprøver og teoriprøver. Inntektene er no venta å utgjere om lag 547 mill. kr for 2021. Auken er ikkje motsvart av tilsvarande utgifter på kap. 1320, post 28.

Kap. 5624 Renter av Svinesundsforbindelsen AS

Post 80 Renter

I statsbudsjettet for 2021 er det løyvd 0,4 mill. kr i renter på det statlege lånet til Svinesundsforbindelsen AS. Lånet blei tidlegare i år nedbetalt. Ved rekninga av renta for 2021 blei det lagt til grunn flytande rente på 1,65 pst. Renta for 2021 blei 0,48 pst. Innbetalte renter i 2021 blir derfor om lag 0,1 mill. kr.

Andre vegsaker

Rv. 555 Damsgård- og Nygårdstunnelane – forslag om kostnadsramme

Prosjektet er sist omtalt i Prop. 1 S (2021–2022) for Samferdselsdepartementet, side 124, der departementet varsla ein mogleg kostnadsauke i prosjektet.

Prosjektet som ligg i Bergen kommune, gjeld fleire tiltak for å ivareta krav i forskriftene om tunneltryggleik og elektroanlegg. Anleggsarbeida er planlagt starta opp i 2022, og prosjektet er venta opna for trafikk i 2025. Kostnaden for prosjektet var tidlegare rekna til om lag 410 mill. kr. For prosjekt under 500 mill. kr blir det ikkje lagt fram forslag om kostnadsramme for Stortinget. Det er derfor ikkje tidlegare foreslått kostnadsramme for prosjektet.

Kostnadsauken kjem i hovudsak av at ulempe for entreprenøren med at tunnelen skal vere open for trafikk på dagtid blei undervurdert. Desse

ulempene fører m.a. til at anleggsperioden aukar frå to til tre år, noko som òg aukar kostnadene. I tillegg har Bergen kommune sett krav til reins av tunnelvaskevatt. Det fører til at det no må byggjast eit anlegg for sedimentering av vatnet.

Samferdselsdepartementet foreslår ei kostnadsramme på 781 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

E16 Arnanipa-, Sætre- og Bjørkhaugtunnelane – forslag om kostnadsramme

Prosjektet er sist omtalt i Prop. 1 S (2021–2022) for Samferdselsdepartementet, side 130, der departementet varsla om ein mogleg kostnadsauke i prosjektet.

Prosjektet som ligg i Bergen kommune, omfattar ei rekkje tiltak for å ivareta krav i forskriftene om tunneltryggleik og elektroanlegg. Anleggsarbeida starta opp i 2019, og utbetringa er venta ferdig i 2022. Da prosjektet blei starta opp, var kostnadsoverslaget på om lag 400 mill. kr. Det er derfor ikkje tidlegare foreslått kostnadsramme for prosjektet.

Kostnadsauken kjem i hovudsak av auka behov for vatn- og frostsikring og for bruk av sikringsboltar fordi fjellet bak platekvelvet var langt dårlegare enn opphavleg rekna med. Dette blei først avdekt i anleggsfasen.

Samferdselsdepartementet foreslår ei kostnadsramme på 867 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

E16 Dalevåg-, Dalseid-, Trollkone-, Hernes- og Hyvingstunnelane – forslag om kostnadsramme

Prosjektet er sist omtalt i Prop. 1 S (2021–2022) for Samferdselsdepartementet, side 129, der departementet varsla om ein mogleg kostnadsauke i prosjektet.

Prosjektet som ligg i kommunane Vaksdal og Voss, omfattar fleire tiltak for å ivareta krav i forskriftene om tunneltryggleik og elektroanlegg. Anleggsarbeida er planlagt starta opp i 2022, og utbetringa er venta ferdig i 2025. Kostnaden for prosjektet er tidlegare rekna til om lag 410 mill. kr. Det er derfor ikkje tidlegare foreslått kostnadsramme for prosjektet.

Kostnadsauken kjem i hovudsak av at tilstanden på eksisterande anlegg i tunnelen er dårlegare enn føreset. Det er m.a. behov for å skifte ut ein langt større del av systemet for å handtere overvatt og brannfarlege væsker, og det eksisterande ventilasjonssystemet. Sistnemnde gjer at det må byggjast fleire nye tekniske rom.

Samferdselsdepartementet foreslår ei kostnadsramme på 953 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

Rv. 13 Ryfast – endra kostnadsramme

Samferdselsdepartementet varsla i Prop. 1 S (2021–2022) om auka kostnader i prosjektet, jf. sidene 127–128. Departementet opplyste at det ville komme tilbake til Stortinget med ei vurdering av kostnadsauken. Gjeldande kostnadsramme for prosjektet er 8 676 mill. kr.

Ryfylketunnelen opna for trafikk i 2019 og Hundvågtunnelen i 2020.

Kostnadsauken kjem m.a. av auka arbeidsomfang på grunn av dårleg fjell i austenden av Ryfylketunnelen. I tillegg har det vore nødvendig med ei meir omfattande løysing med sprøytebetong i tunnelane enn opphavleg føresett. Delar av kostnadsauken kjem av oppgradering av Hølleslitunnelen, som ikkje var ein del av prosjektet da Stortinget vedtok kostnadsramma. Det er òg uvisse på grunn av ein tvist mellom entreprenør og Statens vegvesen om sluttoppgjeret.

Samferdselsdepartementet foreslår å auke kostnadsramma til 8 776 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

E39 Eiganestunnelen – endra kostnadsramme

Samferdselsdepartementet varsla i Prop. 1 S (2021–2022) om auka kostnader i prosjektet, jf. side 122. Departementet opplyste at det ville komme tilbake til Stortinget med ei vurdering av kostnadsauken. Gjeldande kostnadsramme for prosjektet er 3 772 mill. kr.

Prosjektet opna for trafikk i 2020.

Kostnadsauken kjem i hovudsak av standardheving på grunn av nye normalar og forskrifter, auka behov for masseutskifting og søppelfjerning i daganlegg, behov for massedeponi, oppstått behov for mellomlagring av masse og auka omfang av murar og konstruksjonar. Delar av kostnadsauken kjem av oppgradering av Byhaugtunnelen, som ikkje var ein del av prosjektet da Stortinget vedtok kostnadsramma. I tillegg er det uvisse på grunn av ein tvistesak mellom entreprenør og Statens vegvesen.

Samferdselsdepartementet foreslår å auke kostnadsramma til 3 888 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

E16 Gudvanga- og Flenjatunnelane – endra kostnadsramme

Samferdselsdepartementet varsla i Prop. 1 S (2021–2022) om ein mogleg kostnadsauke i prosjektet, jf. side 129.

Prosjektet omfattar fleire tiltak i Gudvanga- og Flenjatunnelane i Vestland for å ivareta krav i forskrifta om tunnelsikkerheit. Anleggsarbeida starta i 2016, og prosjektet er venta opna for trafikk hausten 2021. Gjeldande kostnadsramme for prosjektet er 797 mill. kr.

Kostnadsauken kjem i hovudsak av arbeida har blitt meir omfattande enn føresett. Det gjeld m.a. auka omfang av sprøytebetong, behov for fleire tekniske rom og behov for manuell brannvakt i anleggsfasen fordi eksisterande sikkerheitsutstyr i tunnelane var i for dårleg stand. Ein lengre anleggsperiode har bidratt til høgare utgifter m.a. til rigg og drift, byggherre og trafikkavvikling. Dette er forhold som har blitt avdekt undervegs i anleggsarbeida.

Samferdselsdepartementet foreslår å auke kostnadsramma til 987 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

4 Særskilde transporttiltak

Kap. 1330 Særskilde transporttiltak

Post 70 Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen–Kirkenes

I 2021 er det løyvd 941,7 mill. kr. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1330, post 70 Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen–Kirkenes, med 173 mill. kr.

Samferdselsdepartementet reknar i 2021 med å betale til saman 768,6 mill. kr for kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen–Kirkenes. Det er lagt til grunn utbetalingar på 726,6 mill. kr til Hurtigruten Cruise AS og 42 mill. kr til Havila Kystruten AS.

Ferdigstillinga av Havila Kystruten AS sine fire skip er forseinka, og reiarlaget har derfor berre fått utbetalt ein mindre del av det kontraktsfesta vederlaget i 2021. Reduksjonen i vederlaget til Havila Kystruten AS er delvis motverka av eit auka vederlag til Hurtigruten Cruise AS i første halvår 2021. Havila Kystruten AS ventar at reiarlaget sitt første skip, Havila Capella, startar å segle i kystrutedrift frå Bergen 1. desember 2021. Endeleg leveringstidspunkt for det neste skipet, Havila Castor, er ikkje avklart med verftet. Reiarlaget har derfor varsla at seglingsplanen for dette skipet

kan bli noko utsett frå den planlagde datoen, 20. januar 2022. Departementet viser til Prop. 1 S (2021–2022) for Samferdselsdepartementet for nærmare omtale av kystruteverksemda i 2021.

Havila Kystruten AS er friteke frå å stille med erstatningsskip for dei to siste skipa, Havila Polaris og Havila Pollux, viss reiarlaget innan utgangen av 2021 klarer å sannsynleggjere at skipa blir seglingsklare innan 1. mai 2022. Om reiarlaget ikkje klarar dette i rimeleg tid, vil departementet vurdere å stille krav om erstatningsskip. Samferdselsdepartementet vil halde Stortinget orientert om Havila Kystruten AS sin situasjon framover.

Kap. 1332 Transport i byområde mv.

Post 63 Særskild tilskot til store kollektivprosjekt

I 2021 er det løyvd 2 630 mill. kr. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1332, post 63 Særskild tilskot til store kollektivprosjekt, med 1 400 mill. kr.

Mindreforbruket er knytt til lågare framdrift enn venta på Fornebubanen i Oslo og Viken, Bybanen i Bergen og Bussveien på Nord-Jæren. Mindreforbruket fordeler seg slik:

- Fornebubanen: 300 mill. kr
- Bybanen: 600 mill. kr
- Bussveien: 500 mill. kr.

Post 66 Tilskot til byområde

I 2021 er det løyvd 2 811,9 mill. kr. Departementet foreslår å auke løyvinga med 212 mill. kr, ved å omdisponere frå kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar, jf. omtale under kap. 1320, post 30. Midlane skal gå til lokale tiltak i byvekst-avtalane.

Andre saker under særskilde transporttiltak

I 2021 er det løyvd til saman 3 636 mill. kr på kap. 572, post 64 Skjønnskudd, til å kompensere fylkeskommunane for inntektsbortfall i kollektivtransporten på grunn av koronapandemien. Løyvinga blei sist auka i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2021, da det blei løyvd 1 531 mill. kr for å ta høgde for inntektsbortfall i kollektivtransporten ut oktober, jf. Prop. 195 S (2020–2021) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021* og Innst. 600 S (2021–2022). Kompensasjonen for inntektsbortfall er no vidareført ut 2021 og blir dekt innanfor gjeldande løyving til formålet.

5 Jernbaneformål

Kap. 1352 Jernbanedirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

I 2021 er det løyvd 373,1 mill. kr. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1352, post 01 Driftsutgifter, med 7,8 mill. kr, og med ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 4352, post 01 Ymse inntekter, jf. omtale under kap. 4352, post 01.

Post 21 Spesielle driftsutgifter – planar og utgreiingar

I 2021 er det løyvd 245,2 mill. kr. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1352, post 21 Spesielle driftsutgifter – planar og utgreiingar, med 50 mill. kr. Det er inngått færre avtalar om planar og utgreiingar enn planlagt, og behovet for midlar er derfor lågare enn budsjettet.

Som omtalt i Prop. 1 S (2021–2022) for Samferdselsdepartementet er Noreg kandidat til å delta i Europe's Rail. Europe's Rail er eit forskings- og innovasjonsprogram for jernbane under Horisont Europa. Programmet skal bidra til utvikling av innovasjonar innan m.a. trafikkavvikling, vedlikehald, gods og automatisering. Det er no klart at Noreg vil bli tatt opp som medlem av programmet. Noregs bidrag er venta å vere til saman 22,2 mill. euro over 8–10 år. Dette er i dag om lag 220 mill. kr.

Samferdselsdepartementet foreslår derfor at departementet får fullmakt til å forplikte staten ut over budsjettåret for deltakinga i Europe's Rail, jf. forslag til romartalsfullmakt.

Post 70 Kjøp av persontransport med tog

I 2021 er det løyvd 5 094,9 mill. kr.

Løyvinga til tilleggsavtalar med togselskapa på grunn av koronapandemien er i 2021 auka med til saman 535 mill. kr, jf. m.a. Prop. 195 S (2020–2021) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021* og Innst. 600 S (2020–2021). Det er tatt høgde for at ordninga med tilleggsavtalar blir vidareført ut 2021, jf. orienteringa i Prop. 244 S (2020–2021). Samtidig er behovet for uvisseavsetningar knytt til tilleggsavtalar med togselskapa lågare enn tidlegare lagt til grunn.

Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1352, post 70 Kjøp av persontransport med tog, med 160 mill. kr.

Post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehold

I 2021 er det løyvd 9 174,9 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1352, post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehold, med 296,4 mill. kr.

Togselskapa betaler Bane NOR SF for tenester dei bruker under sportilgangsavtalane. Desse inntektene skal trekkjast frå løyvinga til drift og vedlikehold. Samstundes medfører dette behov for å auke vederlaget til togselskapa over kap. 1352, post 70 Kjøp av persontransport med tog.

For 2021 har togselskapa betalt 296,4 mill. kr meir i køyrevegsavgifter enn det var lagt til grunn i Prop. 1 S (2020–2021). Det auka vederlaget til togselskapa kan dekkjast innanfor gjeldande løyving på kap. 1352, post 70.

Kap. 4352 Jernbanedirektoratet

Post 01 Ymse inntekter

I 2021 er det løyvd 4,3 mill. kr. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 4352, post 01 Ymse inntekter, med 7,8 mill. kr, og med ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 1352, post 01 Driftsutgifter, jf. omtale under kap. 1352, post 01. Auken gjeld sal av tenester knytt til filmminnspeling og auka aktivitet på Lokførarskolen.

6 Kystforvaltning

Kap. 1360 Kystverket

Post 01 Driftsutgifter

Kystverket tok tidlegare i år over ansvaret for vidare planlegging av eit senter for testing, øving og teknologiutvikling knytt til beredskap mot akutt forureining på Fiskebøl i Vesterålen, jf. kap. 1362, post 50. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1360, post 01 Driftsutgifter, med 25 mill. kr mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 1362, post 50.

Kap. 1362 Senter for oljevern og marint miljø

Post 50 Tilskot

I 2021 er det løyvd 52,2 mill. kr. Innanfor løyvinga er det sett av 25 mill. kr til vidare planlegging av

eit senter for testing, øving og teknologiutvikling knytt til beredskap mot akutt forureining på Fiskebøl i Vesterålen. Senter for oljevern og marint miljø sitt ansvar innan oljevern skal overførast til Kystverket. Dette inkluderer ansvaret for det vidare arbeidet med testsenteret på Fiskebøl. Den formelle ansvarsoverføringa vil skje frå 1. januar 2022, medan ansvaret for senteret blei overført frå juni 2021.

Samferdselsdepartementet foreslår derfor å omdisponere 25 mill. kr frå kap. 1362, post 50 Tilskot, til kap. 1360, post 01 Driftsutgifter.

Kap. 5577 Sektoravgifter under Samferdselsdepartementet

Post 74 Sektoravgifter Kystverket

I 2021 er det løyvd 687,9 mill. kr. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 5577, post 74 Sektoravgifter Kystverket, med 8,7 mill. kr.

I samband med lønnsoppgjæret for 2021 blei Kystverket for den delen av verksemda som er avgiftsfinansiert, tildelt 8,7 mill. kr over kap. 1360, post 01 Driftsutgifter. Kap. 5577, post 74 Sektoravgifter Kystverket, må derfor aukast tilsvarende.

7 Programkategori 22.10 Posttenester

Kap. 4370 Posttenester

Post 70 Tilbakebetaling post- og banktenester

Samferdselsdepartementet foreslår å løyve 58,5 mill. kr.

I 2020 blei det sett av 449 mill. kr til kjøp av post- og banktenester frå Posten Norge AS. Det er lagt til grunn ein etterrekningsmodell som over tid vil sikre at det ikkje blir løyvd meir enn det faktiske behovet. Etterrekning i tråd med modellen viser eit faktisk behov i 2020 på 391 mill. kr til kjøp av post- og banktenester. Dette er 58 mill. kr mindre enn det som blei løyvd i 2020.

Departementet legg opp til at Posten betaler tilbake 58 mill. kr av kompensasjonen for 2020. I tråd med praksis frå tidlegare år legg departementet opp til at Posten betaler renter på det beløpet selskapet skal betale tilbake. Renta er rekna til 0,5 mill. kr. Dette inneber at Posten skal betale i alt 58,5 mill. kr til staten.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2021 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1310		Flytransport	
	70	Kjøp av innanlandske flyruter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 2 000 000 000 til kr 1 195 000 000	805 000 000
1311		Tilskot til regionale flyplassar	
	72	Tilskot til dekking av tap, blir redusert med..... frå kr 242 500 000 til kr 160 200 000	82 300 000
1315		Tilskot til Avinor AS	
	71	Tilskot til pålagde oppgåver, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 85 000 000 til kr 54 000 000	31 000 000
1320		Statens vegvesen	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 3 874 580 000 til kr 3 869 580 000	5 000 000
	28	Trafikant- og køyretøytilsyn, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 2 115 285 000 til kr 2 045 285 000	70 000 000
	29	OPS-prosjekt, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 30</i> , blir redusert med frå kr 756 000 000 til kr 708 000 000	48 000 000
	30	Riksveginvesteringar, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 22</i> , <i>post 29</i> <i>og post 31 og kap. 1332</i> , <i>post 66</i> , blir redusert med..... frå kr 12 155 000 000 til kr 11 943 000 000	212 000 000
	65	Tilskot til fylkesvegar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 100 000 000 til kr 12 000 000	88 000 000
	72	Kjøp av riksvegferjetenester, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 1 735 800 000 til kr 1 575 800 000	160 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
1330		Særskilde transporttiltak	
	70	Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen–Kirkenes, blir redusert med frå kr 941 700 000 til kr 768 700 000	173 000 000
1332		Transport i byområde mv.	
	63	Særskild tilskot til store kollektivprosjekt, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 2 630 000 000 til kr 1 230 000 000	1 400 000 000
	66	Tilskot til byområde, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 2 811 900 000 til kr 3 023 900 000	212 000 000
1352		Jernbanedirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 373 075 000 til kr 380 865 000	7 790 000
	21	Spesielle driftsutgifter – planar og utgreiingar, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 72</i> , blir redusert med frå kr 245 151 000 til kr 195 151 000	50 000 000
	70	Kjøp av persontransport med tog, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 5 094 900 000 til kr 4 934 900 000	160 000 000
	71	Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 72, post 73 og post 74</i> , blir redusert med frå kr 9 174 922 000 til kr 8 878 522 000	296 400 000
1360		Kystverket	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i> , blir auka med frå kr 1 911 230 000 til kr 1 936 230 000	25 000 000
1362		Senter for oljevern og marint miljø	
	50	Tilskot, blir redusert med frå kr 52 173 000 til kr 27 173 000	25 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4313		Luftfartstilsynet	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med frå kr 158 051 000 til kr 123 251 000	34 800 000
4320		Statens vegvesen	
	01	Salsinntekter m.m., blir auka med frå kr 208 100 000 til kr 268 100 000	60 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	02	Ymse gebyr, blir auka med..... frå kr 526 687 000 til kr 546 687 000	20 000 000
4352		Jernbanedirektoratet	
	01	Ymse inntekter, blir auka med frå kr 4 300 000 til kr 12 090 000	7 790 000
4370		Posttenester	
(NY)	70	Tilbakebetaling post- og banktenester, løyvast med.....	58 500 000
5577		Sektoravgifter under Samferdselsdepartementet	
	74	Sektoravgifter Kystverket, blir auka med frå kr 687 915 000 til kr 696 615 000	8 700 000
5624		Renter av Svinesundsforbindelsen AS	
	80	Renter, blir redusert med..... frå kr 400 000 til kr 129 000	271 000

Fullmakter til å forplikte staten utover gitte løyvingar

II

Fullmakter til å forplikte staten for investeringsprosjekt

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2021 kan:

1)

starte opp desse investeringsprosjekta:	innanfor ei kostnadsramme på:
Rv. 555 Damsgård- og Nygårdstunnelane	781 mill. kroner
E16 Dalevåg-, Dalseid-, Trollkone-, Hernes- og Hyvingstunnelane	953 mill. kroner

2)

halde fram med dette investeringsprosjektet:	innanfor ei kostnadsramme på:
E16 Arnanipa-, Sætre- og Bjørkhaugtunnelane	867 mill. kroner

3)

gjennomføre dei tidlegare godkjende investeringsprosjekta:	innanfor ei endra kostnadsramme på:
Rv. 13 Ryfast	8 776 mill. kroner
E39 Eiganestunnelen	3 888 mill. kroner
E16 Gudvanga- og Flenjatunnelane	987 mill. kroner

Fullmaktene gjeld òg forpliktingar som blir inngåtte i seinare budsjettår, innanfor kostnadsramma for prosjekta. Samferdselsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsrammene i seinare år.

III

Fullmakt til å forplikte staten for deltaking i forskings- og innovasjonsprogrammet Europe's Rail

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2021 får fullmakt til å forplikte staten utover budsjettåret for Noregs deltaking i forskings- og innovasjonsprogrammet Europe's Rail, med inntil 22,2 mill. euro i perioden 2022–2031 under kap. 1352 Jernbanedirektoratet, post 21 Spesielle driftsutgifter – planar og utgreiingar.

Andre fullmakter

IV

Overføring av ubrukte løyvingar

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet får fullmakt til å overføre inntil 21,9 mill. kroner i udisponert beløp på kap. 1320 Statens vegvesen, post 63 Tilskot til gang- og sykkelveggar, frå 2021 til 2022.
